



Varaldsøy er omgitt av fire fjordar: Kvinnheradsfjorden, Øynefjorden, Sildefjorden og Hardangerfjorden. Ei øy og ein natur som byr på sjeldne opplevingar. Til Varaldsøy kjem ein med ferje frå Gjermundshamn eller Løfallstrand.

Varaldsøy is surrounded by 4 fjords: Kvinnherad Fjord, Øyne Fjord, Silde Fjord and Hardanger Fjord. An island of natural beauty that offers you rare experiences. You can get to Varaldsøy by ferry from Gjermundshamn or Løfallstrand.



Gjvusland, med utsikt til Kvinnheradsfjella.



Rute og ymse av interesse

Litt om Varaldsøy:

Varaldsøy – perla i Hardangerfjorden – ligg i skiljet mellom kystklimaet med milde vintrar og innlandet med varme somrar. Jordsmonnet er svært kalkrikt, noko som saman med klimaet, dannar grunnlaget for den spennande og unike vegetasjonen som finst her.

Øya vert difor ein «møtestad» for austlege, vestlege og sørlege plantearter. Overalt finn ein mange ulike skogstre og planter, og her veks sjeldne artar, som ikkje er vanlege så lang mot nord. Her finn me og Nord-Europas eldste og største barlind.

På øya er det geologiske mangfaldet stort innanfor avgrensa område. Berggrunnen inneheld store mengder grønskifer. Det var i skiferlaga ein fann rike førekomster av svovelkis og koparkis. Det har vore tidvis gruvedrift på øya. I 1866 kom Alexander Barratt for å leia gruvedrifta på Vålaheiane. Mellom 1869 og 1888 vart det utvunne 162.000 tonn svovelkis; det meste med handkraft. I dag er det i gang arbeid med restaurering av gruveområdet. Sonen til Marry og Alexander Barratt, Thomas Barratt, blir rekna som grunnleggjarar av pinsørsla i Skandinavia. Han hadde også rike evner som kunstnar. Bl.a. let han etter seg selmar og komposisjonar som er mykje nytta i dag.

Route and places of interest

About Varaldsøy:

Varaldsøy – the pearl of the Hardanger Fjord – lies at the divide between the coastal climate with mild winters and the interior with its warm summers. The soil is rich in lime, and this, together with the favourable climate provides ideal conditions for the wealth of interesting and varied vegetation and flora found here.

The Island is a "meeting place" for Eastern, Western and Southern plant species and abounds with a great variety of tree and other woodland species as well as rare species not normally found so far north. Northern Europe's oldest and largest linden can also be found here.

The geological variety of the Island is impressive when taking into account the Island's area. The bed rock contains large quantities of green slate and it was here that rich deposits of pyrite and copper pyrite were found. There



Busetnaden er grisgrendt, med i underkant av 300 fastbuande. Primærnæring er jordbruk og skogbruk. Fiskeoppdrett og turisme er blitt nye næringer. Båtbygging og bøkkerverksemd har og lange tradisjonar på øya. Tømmeret frå Varaldsøy var frå gammalt av særst ettertrakta til fartøybygging rundt om i landet.

Terreng: Bygdeveg, skogsveg og sti. Bratt stigning på veg i starten, seinare flatt, litt kupert terreng. Vanleg turfottøy.
Tid: 2 – 2,5 timar.

Turen startar frå parkeringsplassen/ferjekaien på Skjelnes (1) (her ligg og butikk, bank og post). Etter ca. 150 m på fylkesveg tar me av til høgre, skilta Skjelnes 0,5 km. Her går vegen i svingar opp til toppen, der vi ved skilt merka «Skjelnesodden» tar til høgre, forbi eit gardstun.

Me fylgjer så skogsvegen rett fram gjennom ei grind og fortsett til me kjem til skilt merka «Botnaberg» (2). Der tar me til venstre og fylgjer sti/skogsveg vidare. Til venstre for stien vil me no sjå ei furu med ein merkeleg utvekst. Dette blir på folkemunne kalla «Huldrekost». Vidare finn me og fleire barlindar.

Neste vegskilje held me til venstre og fortset rett fram til skilt merka «Dala-vegen», tar så til høgre, gjennom ei grind. Fylgjer så denne vegen fram til ein tømmeropplagsplass. (3) (Her kan du ta ein avstikker til Fergevågen badestrand, ca. 5 min. Dette er av dei finaste badestrendene i Kvinnherad). Me fortset og etter ca. 150 m tar me til høgre ved skilt merka «Gjuvsland». Held så til venstre til nytt skilt merka «Gjuvsland» og fylgjer stien vidare.

Me er no inne i eit rikt kristorn-område, går vidare forbi ei gammal løe, med ei graslette som framleis blir hausta. Her me no går ser me kalkfjellet tydeleg og lenger framme langs stien vil me sjå nokre eineståande kalkholer på oppsida. På nedsida av stien finn me eit «hellebrot», der dei tok ut takheller både til eige bruk og for sal. Mot slutten av denne stien kan me om våren finna blåveis (la plantene stå).

No kjem me opp på ein skogsveg som fører oss fram til fylkesvegen på Gjuvsland (4). Gjuvsland er ei lita bygd for seg sjølv som ligg fritt og fint til med utsikt mot Hardangerfjorden og Kvinnheradsfjella. Folgefonna og Maurangerfjorden ser me i aust.

No skal me fylgja fylkesvegen attende til fejekaien. Når ein er komen ned att til bygda (ca. 2 km frå Gjuvsland), kan ein velja å ta turen til kyrkja (0,7 km) (5). Varaldsøy kyrkje er eit svært vakkert byggverk, som er vel verd å sjå. Bygd i 1885 og er den største kyrkja i Kvinnherad.

Ein biltur over øya kan me og tilrå.

have been mining activities on the Island from time to time. Alexander Barratt arrived in 1866 to take over management of the Vålaheiane mines. 162,000 tonnes of pyrite were mined between 1869 and 1888, mostly by hand. The old mining works are now undergoing restoration. Marry and Alexander Barret's son, Thomas B. Barratt, is considered to be the founder of the Pentecostalist movement in Norway. He was also a gifted artist, his hymns and compositions are still beeing played.

The local population is widespread and consists of something under 300 permanent residents. Primary industries are agriculture and forestry. Fish farming and tourism are new but thriving industries on the Island. Boat building and coopering have been traditional Island industries for many generations. Timber from Varaldsøy has always been sought after by boat builders all over Norway.

Terrain: Rural roads, forest paths and footpaths. Steep climb at the start levelling out to rolling landscape. Ordinary walking shoes.
Time: 2 – 2.5 hours.

The walk starts from the parking area /ferry quay at Skjelnes (1) (where there is a shop, bank and post office). About 150 metres along the main road, turn right at the sign to Skjelnes 0.5 km. The road twists and turns to the top where you turn right at the sign marked "Skjelnesodden" and carry on past the farmyard.

Then follow the woodland road straight ahead, pass through the gate and carry on until you get to the sign for "Botnaberg" (2). Turn left and carry on along the footpath/woodland road. You will see a strangely formed pine to the left of the footpath, and it doesn't take too much imagination to realise why the locals call it the "The Wood Nymph's Broom". Take some time out to just sit and admire the lindens.

Turn left at the next crossroads and then carry straight on to the sign for "Dalavegen", turn right here, pass through the gate and proceed until you arrive at a timber storage area (3). (If you feel like a swim you can take some time out at Fergevågen beach, just 5 minutes walk away and one of Kvinnherad's finest swimming spots). Carry straight on and at about 150 metres turn right at the sign "Gjuvsland". Keep to the left until you come to another signpost for "Gjuvsland" and follow the footpath.

Note the abundance of holly. Carry on past an old barn and a grassy meadow still used for hay gathering. You can now easily see that the area is mainly limestone and a little further along you will see some unique limestone caves higher up. Down below the pathway you will find a "slate mine" where roofing slate was taken out for both local use and for sale. If you're lucky enough to be here in the spring you will find blue anemones (Please do NOT pick the flowers).

You now arrive at a woodland road that leads to the main road at Gjuvsland (4). Gjuvsland is a small hamlet offering beautiful views of the Hardanger Fjord and the Kvinnherad Mountains. You can see the Folgefonna Glacier and the Mauranger Fjord to the East.

Keep to the main road back to the ferry quay. On returning – about 2 kilometres from Gjuvsland - to the village you may choose to take a short walk to the Church (5), about 0.7 kilometres. Varaldsøy Church is a particularly beautiful building that is well worth a visit. Built in 1885, and is the largest church in Kvinnherad.

We can also recommend a drive around our beautiful little Island.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturan er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.